


AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS
ÅRSMELDING
2017




AUST-AGDER MUSEUM
OG ARKIV IKS



INNHALDSOVERSIKT

ÅRSMELDING FRÅ STYRET	4
ARKIV OG MUSEUM	9
FORMIDLING	13
FORVALTNING AV SAMLINGANE OG BYGNINGAR	23
FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING	28
REKNESKAP, NOTAR OG REVISJONSMELDING	30



FRÅ STYRELEIAR OG DIREKTØR

2017 var Aust-Agder museum og arkiv (AAMA) sitt tredje år som konsolidert eining. Vi har saman oppnådd mykje i året som gjekk, trass redusert bemanning og stramme økonomiske rammer. Vi er difor stolte av å leggje fram årsmeldinga. Vi har særskild dyktige arkiv- og museumstilsette i AAMA.

På slutten av året fekk vi melding frå våre største eigarar om auke i det årlige tilskotet til AAMA, som kompensasjon for manglande auke i det statlege tilskotet. Dette vil vere viktig for våre komande satsingar, ikkje minst på etterslepet vi har innan samlingsforvaltning.

På økonomirådet har også dei tilsette vore kostnadsbevisste, samtidig som arbeidet med å skaffe frie prosjektmidlar har vorte intensivert. Det er etablert ein intern AAMA-kordinator for å følge opp eksterne finansieringskjelder. «Finansiering» er nå innført som den femte «F» i tillegg til Formidling, Forvaltning, Forsking og Fornyning.

2017 var eit utfordrande år med fleire vakante stillingar som følgje av den vanskelege økonomien. I tillegg var dessverre fleire langtidssjukemeldte. Fleire større oppgåver har av den grunn måtte utsetjast.

Det vart gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i året som gjekk. Den syner at arbeidsmiljøet er godt.

Det er gledeleg at vi nå ser positive effektar av konsolideringa, og at dei tilsette arbeider på tvers av avdelingsgrensene. Utstillinga «Vikingsverdet frå Langeid» vart eit vellykka samarbeidsprosjekt mellom KUBEN og Setesdalsmuseet.

I 2017 fekk AAMA felles logo og profilhandbok, og det kom på plass ein overordna AAMA-nettportal.

Felles plandokument er nå på plass, og vi kan trekkje fram strategiplan, personalpolitiske rutinar og etiske retningslinjer.

Det samla aktivitetsnivået har vore imponerende. Vi kan derfor berre gi nokre få døme:

- Organiseringa av forskinga i AAMA er nå på plass og fleire tilsette er involvert i forskning og utviklingsoppgåver.
- Digitaliseringsarbeidet vart intensivert i året som gjekk
- Utstillingsproduksjonen har vært god med «Langeidsverdet» som AAMAs største satsing i 2017
- Dampbåten «Bjoren» hadde rekordbesøk med over 3000 passasjerar i året som gjekk
- To miniutstillingar på Kjevik flyplass: eit Ibsen-tablå og ei draktutstilling frå Setesdal

Av nye oppgåver må vi også trekkje fram at AAMA ved Grimstad bys museer stiller kompetanse til rådvelde i planlegginga av eit nytt Hamsun-museum i Grimstad.

Årsmeldinga viser ein organisasjon med sterkt engasjement, høgt aktivitetsnivå og godt samarbeid.

Per Nordstrøm
Styreleder

Jan Ledang
Direktør

INFORMASJON OM VERKSEMMA

Aust-Agder museum og arkiv IKS vart etablert den 1. januar 2015 ved ei samanslåing av dei tre tidlegare institusjonane Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og Stiftelsen Grimstad bys museer.

AVDELINGAR OG ANLEGG

AAMA har fire fagavdelingar: Museums- og formidlingsavdelinga og arkivavdelinga, som held til på KUBEN i Arendal, Grimstad bys museer, som held til i Hasseldalen i Grimstad og Setesdalsmuseet som held til på Rysstad i Valle.

KUBEN har følgande anlegg:

Arendal: KUBEN med Langsæ gård, Aust-Agder tunet og Klokkebua, Merdøgård skjærgårdsmuseum, Tangen gravsted.

Tvedestrand: Angelstad skysstasjon.

Setesdalsmuseet har følgande anlegg:

Bykle: Jernvinnemuseet på Hovden, Huldreheimen og Lislestog. Bykle gamle kyrkje

Valle: Setesdalsmuseet Rysstad og Sylvartun, Rygnestad museum, Prestevodden og Tveitetunet.

Bygland: Bygland museum. Husmannsplassen Hagen. Dampbåten Bjoren

Evje og Hornnes: Evje og Hornnes museum og Evjemoen forsvarsmuseum

Iveland: Iveland og Vegusdal bygdemuseum

Grimstad bys museer har følgande anlegg:

Grimstad: Ibsen-museet, Sjøfartsmuseet i Aust-Agder og Norsk Hagebruksmuseum.

Tilknytt museum:

Elvarheim museum har ein fagleg tilknytning til Setesdalsmuseet.

Eydehavnmuseet har ein fagleg og administrativ tilknytning til museums- og formidlingsavdelinga på KUBEN.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

REPRESENTANTSKAPET HAR FØLGANDE

MEDLEMMER:

NAVN	KOMMUNE
Mørland, Tellef Inge/ Gro Bråten*	Fylkeskommunen (leiar)
Nordli, Robert Cornels	Arendal kommune
Jørgensen, Signe Ann	Lillesand kommune
Slågedal, Inger E. B.	Birkenes kommune
Saga, Reidar	Åmli kommune
Vasland, Lars Reidar	Evje og Hornnes kommune
Glimsdal, Kjetil	Grimstad kommune
Dukene, Jan	Tvedestrand kommune
Myren, Kirsten Helen	Vegårshei kommune
Løite, Inger	Gjerstad kommune
Lunden, Per Kristian	Risør kommune
Næss, Jon Rolf	Bykle kommune
Kyrvestad, Steinar	Valle kommune
Langerak, Leiv Rygg	Bygland kommune
Boye, Sigbjørn	Froland kommune
Mykjåland, Gro-Anita	Iveland kommune

STYRET HAR FØLGANDE MEDLEMMER:

NAVN	FUNKSJON
Per Norstrøm	Leiar
Vidar H. Homme	Nestleiar
Kristin Lundby	Medlem
Ragnhild Sigurdsøn	Medlem
Kirsten Bråten Berg	Medlem
Svenn Roar Larsen	Medlem
Leonhard Bjarne Jansen	Valt representant for dei tilsette
Monika Kurszus Håland	Valt representant for dei tilsette

* Gro Bråten tok over som leiar for Tellef Inge Mørland hausten 2017 då Mørland vart valt inn på Stortinget.

ÅRSVERK

STAD	ÅRSVERK	KVINNER	MENN
AAma	49,00	31	29
Leilinga	3,00	1	2
Arkivavdelinga	12,27	5	10
Museums- og formidlingsavdelinga	11,16	9	6
Stab/Kuben	8,67	6	3
Grimstad bys museer	4,72	3	2
Setesdalsmuseet	9,18	7	6

LIKESTILLING

Årets lønnsoppgjer hadde som mål å betre likestillingsprofilen i organisasjonen og å redusere lønnsulikskap mellom avdelingane. Det er ein god balanse mellom kjønna: tre av fem leiarar er kvinner. Av dei tilsette er 31 kvinner og 29 menn.

ORGANISASJONSUTVIKLING OG ARBEIDSMILJØ

Arbeidet med konsolideringa av AAma har funne stad gjennom heile året, og nokre prosessar vidareførast i 2018. Dette gjeld mellom anna:

- Personalpolitisk plattform, godkjend i 2017
- Administrative avgjerder for AAma, endeleg godkjenning i 2018
- Etiske retningslinjer, til godkjenning i 2018
- Medarbeidarundersøking hausten 2017 (10-faktor medarbeidarundersøking frå Kommuneforlaget). Det vert arbeid vidare med resultatane i 2018
- Personalsamling i juni 2017 i Setesdal
- Dei enkelte avdelingane har hatt sommaravslutning og julebord

KUBEN er Miljøfyrtårnsertifisert (2014), følger retningslinjene for transport, energieffektivisering, avfall og andre miljøførebyggande tiltak. KUBEN leverer årlige rapportar.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON


Økonomi, regnskap og HR-rådgjeving er tre funksjonar som er sentralisert. I tillegg er fellesarkivet for AAma (KUBEN og Grimstad bys museer) lagt til staben på KUBEN. Dei tilsette i Grimstad fekk i året som gjekk tilgang til arkivet frå sine maskiner. Setesdalsmuseet har framleis sitt arkiv under Valle kommune. AAma bytte leverandør av rekneskaps- og lønnstenester frå 1.1.2017, og det har fungert godt. Setesdal IKT leverer datatenester til Setesdalsmuseet, medan IKT Agder leverer til KUBEN og Grimstad bys museer.

Administrasjon er i stor grad delegert til den enkelte avdeling, og det er ein aukande aktivitet mellom avdelingane, med bistand frå dei som har ressursar.

AAma er en IA-bedrift. I 2017 hadde KUBEN ein person på varig tilrettelagt arbeid, og ein person på arbeidstrening. Begge tiltaka først vidare i 2018. I tillegg har det vore ein person i ein kortare periode på arbeidstrening, som kanskje først vidare i 2018. Det er gjort ein avtale om ein ny person frå januar 2018. Setesdalsmuseet hadde ein person på arbeidsmarknadstiltak.

Setesdalsmuseet gjekk i 2017 over til nytt sakshandsamingssystem som heiter Elements. Gamalt sentralbord vert bytt ut med ei mobil sentralbordløysing. Samtalar kan setjast over som tidlegare, men ein er ikkje lenger avhengig av å vere ved kontorpulten. Outlook-kalenderen er teken i bruk i langt større grad til bookingar, arrangement, og statistikk.

Setesdalsmuseet gjekk i 2017 over til å bruke Izzetie saman med mobiltelefon i staden for kortautomat/kun kontant. Denne løysinga er i bruk på alle anlegga som tek imot pengar.



SIKKERHEIT

KUBEN har arbeidd med oppdatering av ROS-analyser og hadde sin beredskapsplan ferdig i 2017. AAMA har arbeidd med søknad til Kulturrådet om midlar til felles sikringsplan i AAMA.

MEDLEMSKAP OG DELTAKING I FAGLEGE NETTVERK

AAMA DELTEK I:

- Det nasjonale sjøfartsnettverket
- Det nasjonale litteraturnettverket – der AAMA har leiinga
- Det nasjonale nettverket for kulturlandskap
- Det nasjonale byggnettverk
- Det nasjonale bergverksnettverk
- Det nasjonale lokalhistoriske nettverk
- Det nasjonale drakt- og tekstilnettverk
- Det nasjonale KAI-nettverket (KommuneArkivInstitusjonsnettverket)
- USUS AS – bedriftsnettverk for reise-, kulturliv og opplevingsbedrifter i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark
- Virkes Reiselivsnettverk for museum
- Ulikt samskipnads- og lagsarbeid, anten som styremedlem eller samarbeidspartnar

AAMA ER MEDLEM I:

- Noregs Museumsforbund – der AAMA har leiinga i Fagseksjon for immateriell kulturarv
- International Committee of Museums (ICOM) – den internasjonale museumsorganisasjonen
- Arkivforbundet – interesseorganisasjonen for lokale og regionale arkivinstitusjonar i Noreg
- International Council of Archives (ICA) – den internasjonale interesseorganisasjonen for arkiv
- Norsk Publikumsutvikling

AAMA ER MEDEIGAR I:

- Kommunearchivinstusjonanes Digitale Ressurscenter SA (KDRS) saman med 12 andre interkommunale arkiv

LOKALMUSEUM

AAMA har faglege samarbeidsavtalar med lokalmuseum i Aust-Agder. Det har vore halde ei samling for desse i 2017. Tema for samlinga var finansiering gjennom eksterne tilskot. AAMA har endra samlingane til å omfatte alle lokalmuseum. AAMA har i 2017 utarbeidd planar for kompetanseoverføring og –heving ved lokalmusea. AAMA har òg inngått eit samarbeid med Vest-Agder-museet om kompetanseheving ved lokalmusea. Dei to institusjonane vil samarbeide om kva kompetansehevingstiltak som inngår i tilbudet, og landsdelen vert vurdert under eitt når vi inviterer på tvers av fylkesgrensene med kurs og seminar.

ARENDALE, 22.FEBRUAR 2018



PER NORSTRØM
LEDER



HELGE MOEN
VARAMEDLEM (For Ragnhild Sigurdson)

VIDAR H. HOMME
NESTLEDER



ODD ELDRUP OLSEN
VARAMEDLEM (For Svann Roar Larsen)



KRISTIN LUNDBY

KIRSTEN BRÅTEN BERG



LEONHARD JANSEN



MONIKA K. HÅLAND



JAN LEDANG
DIREKTØR

ARKIV & MUSEUM

ARKIVAVDELINGA PÅ KUBEN

Kjernen i oppdraget er å sørge for at viktige arkiv i Aust-Agder blir tatt vare på og gjort tilgjengelige for ettertida.

Mykje av arbeidet til Arkivavdelinga er regulert gjennom avtalar med alle kommunane og fylkeskommunen i Aust-Agder. Sidan 1995 har AAMA hatt eit forpliktande samarbeid med alle dei 15 kommunane i Aust-Agder og fylkeskommunen om arkiv som omfattar:

- **Depot/oppbevaring:** planlegge og gjennomføre innsamling og mottak av viktige arkiv og kjelder, og sørge for at arkiva blir tatt godt vare på for framtidige generasjonar.
- **Tilgjengeliggjering:** ordne og katalogisere arkiv, og digitalisere viktige kjelder for å gjere dei lettare tilgjengelege.
- **Sakshandsaming:** hjelpe publikum med å finne fram i arkiva både på lesesalen og epost/telefon og hjelpe kommunane i innsynsførespurnader.
- **Arkivrådgjeving:** vere støtte og ressurs for kommunane og fylkeskommunen i spørsmål knytt til dokumentforvaltning og arkiv, bl.a. gjennom opplæring, kurs, samlingar og workshops.
- **Formidling:** jobbe aktivt med å synleggjere det unike skattkammeret som KUBENs arkivbestand utgjer, gjennom sosiale media, bloggar, presse, artiklar, foredrag, utstillingar, omvisingar og skuleopplegg.

Arkivmaterialet fordeler seg på kommunalt skapt materiale frå alle kommunane i Aust-Agder, og arkivmateriale frå Aust-Agder fylkeskommune. I tillegg finst ein stor privatarkivsamling. Dette er arkiv frå private verksemder som lag, samskipnader, bedrifter og privatpersonar frå Aust-Agder.

MUSEUMS- OG FORMIDLINGS-AVDELINGA PÅ KUBEN

Hovudoppgåvene er å forvalte og formidle den store gjenstandssamlinga på nesten 45.000 objekt. Gjenstandane speiler viktige delar av Aust-Agders materielle kulturhistorie. Gjenstandskategoriene er mange, og omfattar ulike aspekt ved forhistoria vår, og dekker både innland, by og kyst.

Boksamlinga som er på ca. 50.000 band, blir også forvalta og formidla.

Gode magasinforhold er ein føresetnad for god forvaltning, og fasilitetane på KUBEN er framifrå i så måte. Registrering skjer fortløpande, og gjenstandar vert publisert og formidla mellom anna på DigitaltMuseum.

Det er viktig å gjere tilgjengeleg kunnskap om samlingane til alle interesserte og vi gir råd og rettleiing ved førespurnader.

Utstillingsproduksjon er ei anna viktig oppgåve. Gjenstandar skal gjerast klare til utstilling og heile prosessen frå planlegging til gjennomføring vert gjort i avdelinga. En eigen designar og produsent er eit fortrinn for dette viktige arbeidet.

Skuletenesta er ei anna sentral oppgåve for museums- og formidlingsavdelinga. Pedagogane har eit hovudansvar for dette arbeidet og det trykkast årleg ein fyldig skulekatalog med tilbod til alle trinn. Dette inneber også eit tett samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken.

Arrangement og marknadsføring er tillagt museums- og formidlingsavdelinga. KUBEN har opent 6 dagar i veka heile året, og det ligg godt til rette for eit høgt aktivitetsnivå.


Merdøgaard og antikvarisk bygningsmasse elles er forvaltningsmessige forpliktingar.

GRIMSTAD BYs MUSEER

Avdelinga har ansvaret for tre besøksstadar som alle ligg i Grimstad kommune. Det er Ibsen-museet, Sjøfartsmuseet i Aust-Agder og Norsk Hagebruksmuseum. Dette er tre sesongopne museum.

Samlingane som er knytt til dei tre visningsstadene, eigast av Grimstad kommune.

I tillegg til å ta vare på og formidle arven etter Henrik Ibsens tid i Grimstad, sjøfartshistoria og –kulturen og kulturhistoria knytt til den utstrakte hagebruksverksemda i kommunen, har avdelinga eit spesielt ansvar for formidling av Knut Hamsuns liv og litteratur og lokalhistorie knytt til Grimstad.



SETESDALSMUSEET

Setesdalsmuseet har ansvar for museumsarbeidet i kommunane i Setesdal: Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland. Setesdalsmuseet har utstillingar i alle kommunane og dampbåten Bjoren og Sylvartun.

Dei dekkjer eit breitt spekter av tema som generelle kulturhistoriske utstillingar, forfattaren Hans Henrik Holm, drakt, løylandsamlinga, byggeskikk, arkeologi, kraftutbygging, apotek, mineral og geologi, rosemåling, forsvarsutstilling, Jørgen Løvland, Huldreheimen og Bykle kyrkje.

Hovudtyngda av innsats ligg i forvaltning av bygningsmasse og samlingar, produksjon og gjennomføring av opplegg for skulane, produksjon av utstillingar og vedlikehald av tidlegare utstillingar, og tenesteyting i høve til gjester av ulike slag.

Ved sidan av laftehallen ved museet er Sylvartun eit viktig strategisk grep for å formidle immateriell kulturarv. Sylvartun er ein arena der ein mellom anna samarbeider tett med Setesdal spelemannslag.



Museet er kontorstad for – og samarbeider med – Agder folkemusikkarkiv og verneområdeforvaltar for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR).



EYDEHAVN MUSEET

Eydehavn museet er eit industri- og arbeidarmuseum som fortel historia om det moderne industristaden Eydehavn frå etableringa i 1912 og fram til vår tid. Museet held til i ein av dei gamle arbeidarheimane i Nesbyen. Bygg og samlingar er eigd av Arendal kommune, og museet har ein driftsavtale med AAMA.

ELVARHEIM MUSEUM

Elvarheim museum held til i det ærverdige, gamle samfunnshuset i Åmli; ved foten av Trogfjell og med utsyn over elva og sentrum. Museet tek i hovudsak føre seg utnytting av skog og hausting i naturen, og bygger opphavleg på samlinga etter fangstmannen Aslak Harstveit. Museet samarbeider med den kommunale museumsnemnda.





FORMIDLING

UTSTILLINGA VIKINGSVERDET FRÅ LANGEID

I 2017 fekk vi for første gong gjennomført eit spennande samarbeidsprosjekt internt i AAma. Sommaren 2011 var det arkeologiske utgravingar på Langeid i Bygland kommune i samband med omlegging og nybygging av rv.9. Ved den eine grava vart det funne ei våpenøks og eit sverd. Sverdet låg på ein større gravplass der det også vart funne mange andre våpen, perler, myntar, skålvekt og vektlodd. Det siste indikerer at Langeid har engasjert seg i den omfattande produksjonen og handelen med jern som fann stad i vikingtida.

Utstillinga vart vist på Setesdalsmuseet i perioden frå 9. juni til 3. september og på KUBEN frå 10. september til 26. november. Dei unike gjenstandane til utstillinga var utlånt frå Kulturhistoriske museum, og AAma er svært takknemleg for det gode samarbeidet. Vikingsverdet frå Langeid er eit døme på korleis eit landsdelsmuseum, eit regionalt museum og den fylkeskommunale kulturminneforvaltninga kan utfylle kvarandre. Utstillinga har vore organisert som eit AAma-prosjekt med prosjektleiing frå KUBEN, og ein prosjektgruppe sett saman av representantar frå Setesdalsmuseet og KUBEN; dei to visningsstadene.

SAMARBEIDSPROSJEKT

KJEVIK FLYPLASS - AVINOR

Kjevik flypass er for mange det fyrste dei møter når dei kjem til landet. Det vart snakka om at det ville vere

ein god idé å møte dei besøkande alt på flyplassen. Målet har sjølvstøtt vore å gjere folk merksame på og promotere Ibsen-museet i Grimstad og Setesdalsmuseet. Dette resulterte i to utstillingar:

Ibsens scene på Kjevik. Eit samarbeidsprosjekt i AAma, hovudsakleg mellom Grimstad bys museer og KUBEN der KUBEN hadde prosjektleiaransvaret. Det vart laga eit tablå basert på ei stove frå Ibsens stykke *Samfundets støtter*. Her kan dei reisande setje seg ned. På veggane er det informasjon om Henrik Ibsen, skodespelet og Ibsen-museet.

Setesdalsbunadar. Setesdalsmuseet laga til ei mini-utstilling på rullebandet, slik at eit par i setesdalsbunad med ei reisekiste mellom seg, ønskjer velkomen.

HAUGEBURET 800 ÅR

Eitt av dei største og mest praktfulle setesdalslofta er Haugeburet på garden Haugen i Åraksbø. Haugeburet er den eldste bygningen vi veit om i Aust-Agder, og ein av dei eldste vi har i landet. Tømmeret vart hogge vinteren 1217-18. Haugeburet er større enn dei andre lofta vi kjenner, og er difor med og stør opp om tradisjonen som seier at desse stasbygningane i si tid vart brukte som gildehus.

Haugeburet er restaurert fleire gonger, og no sist til 800-årsjubileet har det kome nytt tak. Hallvard S. Nomeland i Faremo restaurering har stått for arbeidet. Det er difor ein bygning som er godt rusta for dei neste hundreåra, som tok imot gjester til jubileum i september.

Programmet gjekk over to dagar med eit variert tilbod av aktivitetar, konsertar og faglege foredrag. Arrangementet var eit samarbeid med kulturvernavingdelinga i Aust-Agder fylkeskommune, Bygland husflidslag, Setesdal regionråd og Bygland kommune.

DS BJOREN 150 ÅR

I 2017 var det 150 år sidan dampbåtane begynte å trafikkere Byglandsfjorden. Det vart markert med jubileumsfest ved slusene i Storstraumen laurdag 19. juni. Det var eit innhaldsrikt program der den raude tråden var «å reise på gamlemåten». Vi inviterte sjølvsgagt til gratistur med Bjoren, Dessutan stilte Helle Herberge med hest og kjerre, L/L Setesdal Bilruter med veteranbuss og AMK avd, Setesdal med veteranbilar. Bygland husflidslag serverte tradisjonell setesdalssuppe og lefse. Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med Statens Vegvesen, som same dag opna ny rasteplass ved Storstraumen. Den 27. august vart boka «Frå kveg til cruise» presentert, som er ei jubileumsbok ført i pennen av Torgeir Moseid på oppdrag frå Setesdalsmuseet. Leonhard Jansen samarbeidde med Moseid om boka, og hadde hovudansvar for illustrasjonane.

GUNNAR RYSSTAD

Ein av dei store personlegdommane i dalen i førre hundreåret var Gunnar Rysstad. I 2017 var det 150 år sidan han vart fødd. Han var bonde, diktar, lokalpolitikar, ordførar og stortingsmann, ved sida av ei rekkje andre offentlege oppgåver og verv. Som del av Kulturveka i Valle vart det sett opp ei mindre utstilling med bøkene hans og forskjellige gjenstandar og brev. Det var foredrag om Gunnar Rysstad og konsert. Arrangementet var eit samarbeid med Kulturveka og Setesdal Spelemannslag.

BYGNINGSVERN

Fagansvarleg bygningsvern har eit omfattande samarbeid med kulturvernavingdelinga i Aust-Agder fylkeskommune og Riksantikvaren, også i 2017.

NYE UTSTILLINGER

KUBEN

Museums- og formidlingsavdelinga har i vesentleg grad vore oppteken med utstillingsarbeid i 2017. Arbeidet med ein utstillingsplan for KUBEN for perioden 2017 – 2020 vart slutført i juni. Planen er ein viktig reiskap, og viser veg for tiltak og prioriteringar i åra som kjem.

Følgande utstillingar opna på KUBEN i 2017:

Sjømannsminner er ei utstilling om sjøfolk og livet om bord på 1900-tallet. Utstillinga viser døme på minne frå livet til sjøs i ein periode da sjøfarten hovudsakeleg var ei mannsverd og dei som var om bord var lenge borte heimanfrå. Nokre minner er frå livet om bord, knytt til arbeid og fritid. I hamnebyane representerte «Velferda» og «Kjerka» både viktige fritidstilbod og ei kjensle av å komme «heim». Andre minner er gjenstandar som sjøfolk har tatt med seg heim. Utstillinga er også eit ledd i arbeidet med AAmA sitt satsingsområde Sjøfartshistorie.

Reiser i gråtoner vart opna like før jul 2017. Utstillinga er eit lite tilbakeblikk og viser fotografi av folk til vatns og til lands, på hjul, på skinner og kjø. Utstillinga inneheld også avisutklipp knytt til ulike reisemåtar. Fotografia i utstillinga er tatt i perioden 1800 – 1960.

Prosjektgruppa på fem personer, for den nye, permanente **Fredensborg-utstillinga** har nedlagt eit stort arbeid i 2017. For denne gruppa har arbeidet med utstillinga vore hovudprioritet – fram til utstillinga opnar i 2018.

SETESDALSMUSEET

På bærtur. Årets sommarutstilling på Elvarheim museum i Åmli tok opp eit lite kjent, men veldig interessant tema om bærplukking. I mellomkrigsåra var bærplukking ei viktig inntektskjelde for folk på bygdene, og tonnevis av bær vart eksportert til England. Utstillinga fekk god mottaking, og ein har no vedtatt å gjere den permanent.

Mineralutstilling. Fagansvarleg geologi har vore til hjelp i samband med eit internasjonalt symposium om granittpegmatittar i regi av Universitetet i Oslo, mellom anna med ei mineralutstilling på Universitetet i Agder.

Førebuande utstillingsarbeid. Våren 2017 vart det gjennomført planarbeid med føremål å sjå korleis utstillingane på Evjemoen forsvarsmuseum kan verte revitalisert. Kjell Olav Masdalen frå KUBEN bistod i planarbeidet.

På Elvarheim er ei ny draktutstilling, **Mote og mangfald**, under planlegging. Tekstilansvarleg på Setesdalsmuseet deltar i arbeidet.

ANDRE UTSTILLINGAR

KUBEN

Avtrykk – fra middelalderbrev til digital mørketid – utstilling om menneskelege avtrykk i fortid, nåtid og framtid

Barndom – fast utstilling med fokus på barndom på 1900-tallet

Arne Vinje Gunnerud Skulptur – permanent utstilling

Åpent magasin – viser «K 352,1 Sittermøbler» som er ei stilhistoriske kavalkade av stolar

Krakket i Arendal 1886 – en fortiet historie – permanent utstilling om det store bankkrakket i Arendal

Merdøgaard – ope sju dagar i veka når skulane har sommarferie

SETESDALSMUSEET

Setesdalsmuseet har 40 bygningar opne for besøk:

- Sentralbygg Rysstad
- Hans Henrik Holm
- Kulturhistorie/draktutstilling:
So gjekk me kledde i Råbyggjelaget
- Løylandsamlinga
- Kraftutbygginga i Setesdal

Sylvartun

- Folkemusikkutstilling

Bygland Museum

- Kulturhistorisk utstilling

Evje og Hornnes

- Mineralsamling/geologitstilling
- Kulturhistorisk utstilling
- Apotek
- Rosemåling

Forsvarsmuseet

- Forsvarsutstilling
- Jørgen Løvland

Iveland

- Kulturhistorisk utstilling
- Teknikk og tradisjon i jernalderen
- Drakt

Bykle

- Kulturhistorisk utstilling (Lislestog)
- Jernvinnemuseet
- Bykle kyrkje
- Huldreheimen

Elvarheim museum

- Det vesle folket – beverens liv over og under vatn
- Bjørneskyttaren Olav Tverstøyl
- Fangstmannen Aslak Harstveit
- Knivsamling (etter Aslak Harstveit)
- Felemakaren Sveinung Gjøvland
- På bærtur

GRIMSTAD BYs MUSEER

Ibsen-museet

- Ibsenutstilling

Sjøfartsmuseet i Aust-Agder

- ... har hvite seil oss bragt
- Morten Smith Petersen og Hasseldalen
– veien til moderne skipsfart

Norsk Hagebruksmuseum

- Fuhr-utstilling
- Bier og blomster – det økologiske samspillet
I krukke, glass, boks og flaske: Dyrking, konservering og markedsføring av hagebruksprodukter

DIGITAL FORMIDLING

KUBEN

KUBEN har satsa sterkt på formidling på ulike digitale plattformer i 2017 og har hatt godt besøk på sine formidlingsnettstader. Den kulturhistoriske matbloggen www.oselia.no hadde 5.195 besøkande i 2017, medan kunnskapportalen www.avtrykk.no har hatt 13 865 besøkande – ei auke på 75 % frå 2016. Ein viktig grunn til denne auka er lanseringa av lokalhistorie-quizer på nett.



I 2017 er det også gjort ein stor innsats for å digitalisere og gjere tilgjengeleg Aust-Agder-Museet og Aust-Agder-Arkivets talrike artiklar i spaltestafetten **Nytt om gammelt**, som sto på trykk i Agderposten i perioden 1983-2004. Omkring 370 artiklar vart identifisert og skanna. Artiklane vart gjort tilgjengeleg på www.kubenarendal.no. Det er planlagt at fleire artiklar skal publiserast i 2018.

Fredensborgs siste reise – dokumentene vart promotert på Facebook med lenke til heimesida vår. I 2018 er det 250 år sidan dei omtalte hendingane fann stad. I opptakten til KUBENs nye utstilling om slaveskipet Fredensborg, har vi invitert alle til å bli med på den siste delen av reisa til skipet. Publikum vil kunne følge overfarten gjennom korte Twitter-oppdateringar i «sanntid», og på nettsida vår for meir utfylljande informasjon.

Bloggen Gjenstand.no er under planlegging og vil verte lansert på nyåret 2018.

SETESDALSMUSEET

Setesdalsmuseet er også med i Agderbilder, og har liggjande ute på nettet ei samling på nesten 800 historiske foto etter August Abrahamsson som publikum kan søke i.

Setesdalsmuseet legg til rette for digital formidling i utstillingane. Vi har m.a. laga små filmsnuttar og eit «panoramaview» over Rygnestadloftet der gjestene kan studere heile bygningen innvendig ved å bruke touch-skjerm.

I draktutstillinga er filmen «Eit anna Setesdal» ein viktig del av den informasjonen som vert gjeve. Setesdalasmuseet har også laga DVD-filmen «Å kle seg i setesdalsklede».

På Sylvartun, som er den sist tilkomne faste utstillinga til Setesdalsmuseet, vert gjestene møtte av ein illusjon av at nokon dansar i stoga. Det er to videoar som går kontinuerleg om laging av hardingfele og laging av munnharpe. Det er også to Ipad-ar som er lasta opp med eit variert innhald av historiske opptak av kjende folkemusikarar frå dalen.

GRIMSTAD BYs MUSEER

I utstillingane i Sjøfartsmuseet i Aust-Agder har museet satsa på digital formidling retta mot dei ulike hovudmålgruppene til utstillingane. Eit av måla med dei digitale aktivitetane er at opplevinga og læringa skal skje gjennom deltaking: vere med, oppsøke, meistre.

I utstillinga «...har hvite seil oss bragt» er det to stasjonar med digital formidling. Den eine er spelet «Sail and trade». Her kan den besøkande prøve seg som skipper på dei sju hav med å frakte varer rundt i verda og tene pengar på frakten. I aktiviteten «Lag di eiga tatovering» vert sjømannslivet tematisert i framande hamner. Den besøkande vel blant ulike sjømannstatoveringar og tek bilde av den på si eiga arm.

Også i utstillinga «Morten Smith Petersen og Hasseldalen – vegen til moderne skipsfart» er det to stasjonar med digital formidling i fokus. Her kan barn og vaksne teste sine kunnskapar gjennom leik og spel. Dei vaksne får bryne seg på signalflegga sine tydingar. Dei yngre koplar dei autentiske gjenstandane i utstillinga opp mot funksjonen. I utstillinga finnast også ein skjerm med eit bildespel som viser utviklinga i Hasseldalen.

ANNA FORMIDLING

KUBEN

I 2017 hadde KUBEN fleire arrangement, mellom anna ni kulturkveldar med i alt 250 besøkande. *Arkivdagen* vart arrangert den 11. november 2017 i samarbeid med Slekt og Data i Aust-Agder og hadde rundt 60 besøkande. Dette året vart det også etablert eit utstillingsmonter på KUBENs lesesal med material frå arkivsamlingane. Innhaldet vart jamleg bytt ut.

SETESDALSMUSEET

Kulturpatrulja. Setesdalsmuseet heldt fram samarbeidet med Visit Setesdal, der ei gruppe unge folkemusikkutøvarar under namnet Kulturpatrulja reiste rundt i sommarferien og underheldt på museum, campingplassar, bygdesenter og stemner



med stor oppslutning. I 2017 vart det i alt 22 framføringar og ein full konsert i Bykle kyrkje som eit samarbeid med Den norske kyrkja og organist Henrik West.

Sylvartun. Vidareføring av handlingsboren kunnskap er eit viktig bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarven, som er eitt av dei fire satsingsområda for AAma. Ved revitalisering av Sylvartun har Setesdalsmuseet tatt grep med tanke på auka satsing innan dette feltet, først og fremst innan folkemusikk, men også gjennom praktisk arbeid knytta til byggeskikk (kursing) og tekstilarbeid.

Finansiering av prosjektet på Sylvartun er eit samarbeid mellom AAma/Setesdalsmuseet, Valle kommune og Aust- Agder fylkeskommune for å ivareta denne delen av kulturen i Setesdal.

Sylvartun vert aktivt bruka som ein arena for folkemusikk og dans, med kurs, øvingar, konsertar og andre arrangement. Sommaren 2017 gjesta kring 1500 personar gjesta utstillingane.

Det er også kontorstad for folkemusikarane Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid. Båe held på med dokumentasjonsarbeid knytta til folkemusikk med særleg fokus på spelemenn.

Samarbeidet med folkemusikkmiljøet i dalen med tanke på registrering på UNESCOs verdsarvliste, har halde fram med Sylvartun som kontorstad. Departementet har godkjent søknaden og sendt den vidare til Paris for endeleg godkjenning til oppføring på UNESCOs internasjonale lister.

Også i år var det ein dyktig spelemann som var omvisar. Stina Brandin er svensk, og har lært seg setesdalsspelet, og gjev gjerne smakebitar av repertoaret sitt.

Bjoren. Setesdalsmuseet har også i 2017 stått ansvarleg for drifta av dampbåten Bjoren. Båten går i passasjertrafikk på Byglandsfjorden i tidsrommet medio mai til 1. september.

Ein har så langt råd er, følgd det etablerte opplegget, men større etterspørsel, ikkje minst på cruisesektoren, har medført auka driftskostnader. Driftsinntektene har derimot ikkje følgd med, og det er ei utfordring for framtidig drift. For første gong er tal på passasjerar over 3000.

Det er tilsett ein kaptein i halv stilling, og ei rekkje andre personar er engasjerte som matrosar eller som maskinfolk. Setesdalsmuseet nyt også godt av frivillig arbeid. Til dampbåten Bjoren er det ei eiga venegruppe, Bjorens vener. Ein vesentleg del av vedlikehaldsarbeidet vert utført på dugnad.

2017 var året vi feira Bjoren sitt 150-årsjubileum med stor jubileumsfest og jubileumsbok. Det er jamleg kontakt med Riksantikvaren med sikte på at båten vert freda. Den er ganske eineståande i sitt slag som den einaste vedfyrte dampbåt i passasjertrafikk her i landet.

GRIMSTAD BYs MUSEER

Grimstad bys museer har eit breitt tilbod til grupper som ønsker omvising, byvandring, foredrag eller andre tilbod. I 2017 hadde vi elleve forskjellige faste program gjennom heile året. Til saman 39 grupper med totalt 1.113 personar deltok på opplegg i 2017. Gruppeprogramma formidlast gjennom Grimstad turistkontor som er bookingkontor for museets tilbod.

FORMIDLING OG ANDRE TILTAK FOR BORN OG UNGE

KUBEN

Under Arendalsuka 2017 vart det arrangert drop-in quiz om bord på D/S Hestmanden. Arrangementet trakk rundt 250 personar, der dei fleste var ungdom. Det vart også lagd fleire pedagogiske opplegg retta mot skuleelevar med fokus på historiske kjelder. For 2017 ble det lagd tre pedagogiske opplegg til utstillinga *Krakket 1886*, og i løpet av 2017 er det køyrd seks ulike pedagogiske opplegg frå KUBENs skulekatalog for 22 elevgrupper på til saman 468 elever.

Den omfattande katalogen for skuleåret 2017/2018 vart sendt ut til skular og barnehagar i august. Det vart laga eit eige undervisningsopplegg til utstillinga om vikingsverdet frå Langeid. Langeid-utstillinga vart sett av 300 elever.

Vi har hatt besøk av mange grupper frå alle skuleslag. Vi har særleg merka stor pågang frå klasser med spesialpedagogiske utfordringar, og stor pågang frå vaksenopplæringa. Besøket av barnehagegrupper har også auka.

Den kulturelle skulesekken (DKS). Eit nytt undervisningsopplegg, **Soltrall**, knytt til utstillinga Arne Vinje Gunnerud Skulptur har i 2017 vore eit tilbod i Ønskelista til DKS. Tilbodet gjaldt 1.-4.klasse og i tillegg til omvising var det verkstad der det vart laga tredimensjonale fabeldyr. I alt 360 barn fordelt på 16 grupper deltok på dette. I tillegg har vi hatt 300 elevar gjennom Grimstad kommunale DKS.



Trebåtfestivalen i Risør. Pedagogane har deltatt på ei rekke familiearrangement med aktivitetar for barn. Dette er alle arrangement som er svært godt besøkt. Pedagogane har også ansvar for eit krevjande opplegg på Trebåtfestivalen i Risør: tre dagar med demonstrasjon av plantefarging av garn over open eld.

Natt på museet var ein stor suksess, eit arrangement for barn saman med ein vaksen. Mange tilsette var med på dette – på tvers av avdelingane.

Vi har også arrangert egne omvisingar for barn i gjenstandsmagasina.

SETESDALSMUSEET

Vi har eit omfattande tilbod som vert sendt ut til skulane. Dei faste tilboda i 2017 var: «Bæ, Bæ Lille Lam», «Lafting», «Kraftutstillinga: Frå kvernkall til kraftverk», «Å kle seg i setesdalsklede», «Eventyrstund i årestoga», «Skulestoga», «Livet på garden», «Mitt liv som ku», «Jernalderen», «Steinalderen» og «Gamle leikar». Det deltok 312 elevar på desse tilboda til skulene.

Det vart også utarbeidd eit eige undervisningsopplegg i samband med utstillinga om Langeidsverdet. Dette opplegget vart tatt opp i DKS sitt tilbod «Plutselig kunst» som bidrog til at 120 elevar frå Bykle-, Valle-, og Bygland kommune fekk dekkja bussreise til Rysstad.

I tilknytning til utstillinga om byggjetradisjonar i Setesdal, vart det laga eit undervisningsopplegg retta mot immateriell kulturarv og handverkstradisjonar. I den samanheng har vi fått laga fleire verktøy etter gamal modell. Opplegget vart tatt med som eit tilbod i DKS, og det er lagt ned mykje arbeid i å førebu ein turné som skal gå gjennom heile fylket og startar opp i januar 2018.

I samband med utstillinga «På bærtur» på Elvarheim, vart det utarbeidd eit undervisningsopplegg i regi av den lokale kulturelle skulesekken der ungane lærte å flette bærkorger.

Elvarheim museum har også utvikla undervisningsopplegget «Byggmester Bjør», om bever for småskulen, brukt i den lokale delen av DKS i Åmli.

GRIMSTAD BYs MUSEER

Grimstad bys museer har tilbod til skuleklasser om eigne opplegg på dei tre musea. Desse er differensiert etter tema og alderstrinn. I 2017 vart det tatt imot grupper frå skulene, totalt 324 elevar og lærarar.

Grimstad bys museer er med og arrangerer Barnebokfestivalen som er ein årleg festival for skulane i Grimstad kommune der bøker og lesing står i fokus. Den samlar over 3000 barn og vaksne til forfatterbesøk på skulane og andre tilbod og aktivitetar.

I haustferien hadde vi eige aktivitetstilbod for barnehagar og barn i skulealder på Sjøfartsmuseet. I 2017 vart dette gjennomført i nært samarbeid med Kystlaget Terje Vigen som stod for alle utandørsaktivitetane. Det vart gjennomført i dei fem vekedagane i veke 40.

AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

KUBEN

I 2017 har vi hatt over 75 grupper på omvisingar, litt over 40 arrangement og tre utstillingsopningar. Vi har stått på stand og deltatt med aktivitetar på fire ulike arrangement: Arendalsveka, Forskingstorget, Sørlandske lærarstemne og Risør trebåtfestival.

SETESDALSMUSEET

Museet var også godt representerte i forbindelse med *Naturligvis* på Evje i august, med eigen stand/aktivitetar ved/i Evjemoen Forsvarsmuseum, og mineral-/geologistand saman med Sørlandets geologiforening.

I samband med *Gamaveka* på Bygland midtsommars er heile museumsområdet på Bygland arena for luftsportsaktivitetar og luftsportsakrobatikk av ulike slag. Stor aktivitet ei heil veke til ende. Museet er då fritt tilgjengeleg for publikum.

Museumsdagen på Iveland og Vegusdal bygdemuseum vart arrangert 27. august med gudsteneste og konsert. Som vanleg var det veneforeininga som stod for program og gjennomføring.

NRK sin sommarserie Sommertoget la inn Nelaug som ein av sine stoppestader, og det vart lagt opp til eit stort arrangement med mange innslag. Elvarheim museum lånte ut gjenstandar til programmet, og beverforskar Dolly Jørgensen bidrog med eit innslag om bever.

GRIMSTAD BYs MUSEER

På Hagebruksmuseet vart det gjennomført tre familiearrangement – *Vårmarked* som markerte opninga av sesongen, *Rabarbradag* i juni og *Epledag* som var siste dag i sommarsesongen. I august avvikla vi arrangementet *Open gard* og hadde meir enn 2500 personar innom. I september arrangerte vi *Soppens dag* i samarbeid med Sopp- og nyttevekstforeninga i Aust-Agder. På Sjøfartsmuseet i Aust-Agder gjennomførte vi for sjettedje gang søndagstilbodet *Kast loss* i samarbeid med Kystlaget Terje Vigen.

Foredragsserien *Apropos* tar utgangspunkt i museet samlingar og dei tema som museet formidlar. I 2017 vart det gjennomført åtte foredrag som var knytt til Henrik Ibsen, Knut Hamsun, sjøfart, hagebruk og lokalhistorie.

Museet har gjennom mange år deltatt med tilbod gjennom Naturlos-programmet. I 2017 hadde vi to tilbod; eitt som var vandring i Hamsuns ruslespor og eitt som tok for seg spiselege blomar og planter.

Under Grimstad turistkontors første gjennomføring av arrangementet *Turist i egen by*, opna vi Ibsen-museet og Sjøfartsmuseet i Aust-Agder for dei lokale innbuarane.

Grimstad bys museer deltok med eigen stand på Risør trebåtfestival i august. Den hadde sjøfart som tema.

ANDRE AKTIVITETAR

KUBEN

Kommunane har mottatt arkivbistand i form av rådgjevingstenester, arkivbefaringar, nyheitsbrev, kurs og samlingar. Til saman var det 200 deltakarar på kursa. Det har vidare vore ei auke i talet på arkivførespurnader frå kommunane samanlikna med fjoråret, og vekst i talet på klientførespurnader. Dette er eit viktig, men tidkrevjande arbeid. Arkivavdelinga har også hjulpet kommunane med arkivplanarbeid og fleire av kommunane har ferdigstilt sine arkivplanar i løpet av året som har gått.

SETESDALSMUSEET

Museet vert ofte invitert til Valle radio, og får brei omtale av arrangementa, aktivitetar m.m. i Setesdølen og Fædrelandsvennen. I samband med utstillinga Langeidsverdet var det store oppslag i avisene, og reportasje på NRK radio og TV.

Museet deltek i bygdebokarbeidet i Bygland som rådgjevar.

Setesdalsmuseet presenterte si nye heimeside i slutten av august. Det er framleis mykje stoff som kan fyllast på, så arbeidet held fram. Arbeidet med utvikling av museumsbutikk har halde fram. Butikken er delvis ominnreidd og nye varer har kome på plass.





OVERSIKT OVER ÅPNE ARRANGEMENTER I REGI AV AAMA

DATO	ARRANGEMENT	STED
6/1/	JULETREFEST	KUBEN
15/1/	LAG MEISEBOLLER	KUBEN
25/1/	KULTURKVELD	KUBEN
25/1/	KURS	Næs jernverksmuseum
26/1/	KURS	Birkeland bygdemuseum
16/2/	NATT PÅ MUSEET	KUBEN
22/2/	KULTURKVELD	KUBEN
23/2/	SØGEKAFE	Rysstad
23.-26.2.	REISELIVSMESSE: FERIE FOR ALLE	Herning Danmark
28/2/	APROPOS HAMSUN	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
3/3/	FOREDRAG	Rysstad
7/3/	APROPOS GRIMSTAD	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
9/3/	FOREDRAG	Rysstad
9/3/	FOREDRAG MED MUSEUMS- OG ARKIVLAGET	KUBEN
12/3/	FORTELLERSTUND	KUBEN
14/3/	GRUNNKURS ARKIV	KUBEN
14/3/	APROPOS HAGEBRUK	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
21/3/	APROPOS IBSEN	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
28/3/	APROPOS SjøFART	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
28/3/	KURS	Setesdalsmuseet Rysstad
29/3/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
31/3/	FOREDRAG	Flateland Grendehus
2/4/	PÅSKEARRANGEMENT	KUBEN
18/4/	GRUNNKURS ARKIV	KUBEN
20/4/	FOREDRAG MED MUSEUMS OG ARKIVLAGET	KUBEN
26/4/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
27/4/	SØGEKAFE	Rysstad
8/5/	KURS	Setesdalsmuseet Rysstad
20/5/	KURS	Helle
20/5/	VÅRMARKED	Norsk Hagebruksmuseum
26/5/	PLATESLEPP	Sylvartun
26/5/	KURS ARKIV	KUBEN
28/5/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
29/5/	KONSERT	Sylvartun
31/5/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
4/6/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
9/6/	UTSTILLINGSOPNING «LANGEIDSVERDET»	Rysstad
11/6/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
11/6/	UTSTILLINGSOPNING «PÅ BÆRTUR»	Åmli
11/6/	ÅPENT TUN	KUBEN

KUBEN:

Facebook: over 200 innlegg og 2380 følgjarar

Digitale nyheitsbrev: 25 nyheitsbrev til 350 abonnentar

Instagram: Byrja med Instagram i 2017. Nesten 500 følgjarar

Internett: www.kubenarendal.no hadde 27.529 besøk i 2017.

DATO	ARRANGEMENT	STED
12.-14.6	KURS I TAKTEKKING	Norsk folkemuseum
15/6/	FOREDRAG	Rysstad
17/6/	BJOREN 150 ÅR STORSTRÅUMEN	Rysstad
17/6/	KULTURPATRULJA	Storstråumen Bygland jubileumsfest Bjoren
18/6/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
18/6/	RABARBRADAG	Norsk Hagebruksmuseum
25/6/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
29/6/	KURS	Næs jernverksmuseum
29/6/	KULTURPATRULJA	Rysstad sentrum
30/6/	KULTURPATRULJA	Sørlandets countryfestival Evje
30/6/	KULTURPATRULJA	Sølvgården hotell Rysstad
1/7/	KURS	Næs jernverksmuseum
1/7/	KULTURPATRULJA	Valle sentrum sentrumsfrokost
2/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
2/7/	FAMILIEDAG	Rysstad
2/7/	KULTURPATRULJA	familedag Setesdalsmuseet Rysstad
5/7/	KONSERT KULTURPATRULJA	Bykle kyrkje
7/7/	KULTURPATRULJA	Neset Camping Bygland
7/7/	KULTURPATRULJA	Odden camping Evje
8/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
8/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
8/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
8/7/	KULTURPATRULJA	Ose matmarknad Bygland
8/7/	KULTURPATRULJA	Ose matmarknad Bygland
9/7/	ÅPENT TUN	KUBEN
9/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
9/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
9/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
13/7/	KULTURPATRULJA	Hovden sentrum Bykle
13/7/	KULTURPATRULJA	Valle sentrum Valle
14/7/	KULTURPATRULJA	Flateland camping Valle
14/7/	KULTURPATRULJA	Sølvgården Hotell Rysstad
15/7/	SLÅTTEDEG	Rygnestad
15/7/	KULTURPATRULJA	Jordbærfestivalen Evje
15/7/	KULTURPATRULJA	Ose Motorfestival Bygland
16/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJOREN	Bygland/Byglandsfjord
20/7/	KULTURPATRULJA	Odden Camping Evje
20/7/	KULTURPATRULJA	Neset Camping Bygland
21/7/	KULTURPATRULJA	Hovden Sentrum Bykle
21/7/	KULTURPATRULJA	Flateland camping Valle
21.-29.7.	GAMAVEKA EXTREME	Bygland

GRIMSTAD BYs MUSEER:

Facebook: 152 innlegg og 2223 følgjarar

Digitale nyheitsbrev: 21 nyheitsbrev til 250 abonnentar.

Instagram: Byrja i 2015. 385 følgjarar.

Internett: www.gbm.no hadde 10500 besøk i 2017.



DATO	ARRANGEMENT	STED
22/7/	KULTURPATROLJA	Gamaveka extreme/Bygland museum
22/7/	KULTURPATROLJA	Setesdalstreffet Rysstad
23/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
23.7.	ÅPENT TUN	KUBEN
29/7/	KONSERT - SETESDALFESTIVALEN	Rysstad
30/7/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
3.-5.8	STAND PÅ RISØR TREBÅTFESTIVAL	Risør
6/8/	ÅPENT TUN	KUBEN
6/8/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
8/8/	NRK SOMMERTOGET I NELAUG STASJON	Åmli/Nelaug
8/8/	NATUROLIS	Norsk Hagebruksmuseum
11.-13.8	STAND PÅ "NATURLIGVIS"	Evjemoen
13/8/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
13/8/	NATUROLIS	Åmli
15.-18.8	STAND PÅ "ARENDALESVEKA"	Arendal
18/8/	KONSERT	Hesimanden
19/8/	FAMILIEARRANGEMENTET ÅPEN GÅRD	Norsk Hagebruksmuseum
20/8/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
27/8/	TUR MED DAMPBÅTEN BJØREN	Bygland/Byglandsfjord
27/8/	MUSEUMSDAGEN	Fjermedal, Iveland
27/8/	LANSERING AUST-AGDER-ARV	KUBEN
30/8/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
1.-2.9.	HAUGEBURET 800 ÅR	Rysstad/Åraksbø
3/9/	HISTORIESUNDAG	Åmli Bygdetun/Elvarheim museum
10/9/	HISTORIESUNDAG	Åmli Bygdetun/Elvarheim museum
10/9/	FAMILIEARRANGEMENTET KAST LØSSI	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
10/9/	ÅPNING "LANGEIDUTSTILLINGEN"	KUBEN
14/9/	OMVISNING "LANGEIDUTSTILLINGEN"	KUBEN
14/9/	FOREDRAG MED MUSEUMS- OG ARKIVLAGET	KUBEN
17/9/	FORSKNINGSTORG	KUBEN
17/9/	HISTORIESUNDAG	Åmli Bygdetun/Elvarheim museum
24/9/	HISTORIESUNDAG	Åmli Bygdetun/Elvarheim museum
27/9/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
1/10/	FAMILIEARRANGEMENTET EPLEDAG	Norsk Hagebruksmuseum
2.-6.10	HØSTFERIEAKTIVITETER FOR BARN	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
3/10/	OMVISNING "LANGEIDUTSTILLINGEN"	KUBEN
3-8.10.	VEVEVERKSTED FOR BARN	KUBEN

SETESDALSMUSEET:

Facebook: Setesdalsmuseet: 159 innlegg og 1206 følgjarar.

Elvarheim: 26 innlegg, 285 følgjarar.



Bjorens venner: 35 innlegg, 655 følgjarar

Internett: www.setesdalsmuseet.no. Ingen statistikk tilgjengeleg.

DATO	ARRANGEMENT	STED
10/10/	OMVISNING "LANGEIDUTSTILLINGEN"	KUBEN
12/10/	SOGEKAFE	Rysstad
15/10/	OMVISNING I MAGASINER	KUBEN
17/10/	APROPÓS SJØFART	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
19/10/	AGDERSEMINARET	KUBEN
20/10/	AGDERSEMINARET	KUBEN
20/10/	SJØRLANDSK LÆRERSTEVNE	Universitetet i Agder
20/10/	KULTURVEKA - FOREDRAG	Rysstad
22/10/	KULTURVEKA - FOREDRAG	Rysstad
24/10/	KURS I ORDNING AV ARKIV	KUBEN
25/10/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
29/10/	FAMILIEDAG	Rysstad
31/10/	APROPÓS HAMSUN	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
2/11/	SOGEKAFÉ	Rysstad
5/11/	VERDEN RUNDT PÅ KUBEN	KUBEN
7/11/	APROPÓS IBSEN	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
7/11/	KURS	Sam Eyde Arendal
9/11/	FOREDRAG MED MUSEUMS- OG ARKIVLAGET	KUBEN
11/11/	KURS (2 KURS)	Evje
11/11/	ARKIVEDAGEN	KUBEN
23/11/	SOGEKAFÉ	Rysstad
24/11/	BYGDEKVELD	Åmli
28/11/	JULEGAVEBUTIKK	Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
29/11/	KULTURKVELD MED FOREDRAG	KUBEN
29/11/	GAMALT OR SETESDAL	Rysstad
1-31.12.	JULEGAVEJAKT FOR BARN	KUBEN
3/12/	1. SØNDAG I ADVENT	Rysstad
